

Arbeidsdokument – Bok i bruk i barnehagen

Kva steg kan biblioteket ta når de skal i gang med ei satsing saman med barnehagen? Dette er eit arbeidsdokument de kan bruke som støtte til leksjonen og/eller som del av planlegginga av eit nytt samarbeid med barnehagen. Dei enkelte spørsmåla gir høve til å knyte sentrale punkt i leksjonen til kva de vil gjere i dykkar kommune/situasjon.

Bakgrunn: Tenk på kva samarbeid biblioteket alt har med barnehage og/eller andre i kommunen for å auke litteraturformidling til dei minste.

Kva har fungert?	Kva har ikkje fungert?

Steg 1. Kva er målet med satsinga?

Å ha eit mål med ei satsing er viktig, sjølv om det ikkje alltid er like lett å måle sluttresultatet. Å definere eit mål kan vere utfordrande, og sjølv med utgangspunkt i ein leksjon som har eit tydeleg føremål, kan det vere vanskeleg å definere mål som er konkret nok. Med utgangspunkt i Bok i bruk i barnehagen kan ein seie at målet med ei satsing er å skape leseglede hos barn i førskulealder gjennom:

1. Tilgjengeleggjering av litteratur
2. Bruk av bøker i barnehagekvardagen

Har du forslag til ein meir konkret målsetting for tiltaket/prosjektet? Å ha eit mål gjer det lettare å sjå for seg kva aktivitet ein må sette i verk for å oppnå målet.

Kva tiltak og aktivitetar vil de sette i verk for å nå målet med satsinga? (i prioritert rekkefølge)

Tilgjengeleggjering av litteratur	Lesekultur i barnehagekvardagen

Steg 2. What's in it for «me»?

Kvifor er eit samarbeid av interesse for barnehagen? Kva har barnehagen å vinne på eit samarbeid med biblioteket?

--

Korleis ser de for dykk ein barnehagekvardag?

Kva har biblioteket å vinne på eit samarbeid? (fremje lesing, aktiv formidling, nye brukarar, styrke samarbeid, gjere bøker tilgjengeleg der brukarar er, profilering?)

Korleis vil de måle effekt av satsinga/tiltaka?

Steg 3. Førebuing

Eit samarbeid fungerer best når ein kjenner kvarandre og veit kvar den andre kjem frå.

(døme på spørsmål som kan brukast i ein sonderingsfase):

Tidsbruk: Kva har vi tid til? Kor store ressursar kan vi sette inn i prosjektet/tiltaket? Alltid vanskeleg å sjå for seg tidsbruken, men viktig å prøve. Oppstart er alltid tidkrevjande.

Kor mange barnehagar er det i kommunen? Og kor godt kjenner biblioteket dei, og kor godt kjenner barnehagane biblioteket? Kven brukar biblioteket til dagleg, og på kva måte? Kvar kan biblioteket gå inn og gjere ein forskjell?

Steg 4. Snart klar til å ta kontakt med barnehagen...

Sjå for deg/dykk:

Kva rolle/arbeidsoppgåver skal biblioteket ha i ei satsing om lesekultur i barnehagen?

Kva rolle/arbeidsoppgåver skal barnehage/barnehagetilsette ha i ei satsing om lesekultur i barnehagen?

Kva bør ein samarbeidsavtale innehalde?

Nokre ting å tenkje på i utforminga av ein slik førespurnad:

- Det må kome tydeleg fram kvifor dette er i barna og dei barnehagetilsette sin interesse
- Kva målet med ei slik satsing vil vere
- Kva biblioteket tilbyr
- Kva som blir forventa av barnehage og dei tilsette der
- Be om innspel, syn på eit mogleg samarbeid om tiltak/prosjekt frå barnehagen

I samtale med barnehagen er det mogleg å danne seg eit inntrykk av kva dei gjer i dag når det gjeld lesing – det er heilt sikkert stor variasjon frå barnehage til barnehage, det viktige er å tilpasse satsinga slik at det blir ei utvikling.